

NORSK TIDEND

Framhald av **Fedraheimen** og **Den 17de Mai**



KOLSTØ PÅ NORSK > 8-9

– Det er ein motstand og nokre kantar i nynorsk som gjer det veldig fint å lese, seier musikar **Hanne Kolstø**.

INGA DIALEKTKRISE > 19

– I dag er den språklege floraen mykje rikare og mykje rausare, meiner TV2-anker og vinnar av Kringkastingsprisen **Arill Riise**.

MÅLBYTE I FJELL > 4-5

– Me må utvida bruksflata for skulespråket til nynorskelevane for at dei skal halda på nynorsken, seier norsklærar **Jorid Saure**.

Kvar blir det av blaudisen?

Unge sørlanders
byter ut blaute
konsonantar
med harde. > 14-17



«Hva skjer med heilmjølka?»

» Som den observante leser sikkert ser, er det bokmål i tittelen. Og ja, det er lov å skriva heilmjølka.

» I sitt forslag til partiprogram vil Høgre «Vurdere om språknormeringen for bokmål og nynorsk skal flyttes ut av Språkrådet.» Leiar i programkomiteen, Torbjørn Røe Isaksen, vil gjere skiljet mellom dei to målfornemne tydelegare og foreslår å gje jobben til Nynorsk kultursentrum og Det Norske Akademiet for Språk og Litteratur. Ottar Grepstad seier takk, men nei takk. På den andre sida er det langt meir begeistring.

» I rettskrivingsreforma frå 1907 vart dei blauge konsonantane normaliserte ut av riksmalet. No er dei også på veg ut av sørlandsdialekta. Kva legitimitet har slike endringar om dei ikkje kjem frå det offentlege? Kven skal ha ansvaret for språket vårt?

» Ryggmergsrefleksen seier kanskje at det er nynorsken som vert skadelidande, men i dette tilfellet kan det faktisk versta motsett. Røe Isaksen og Det Norske Akademiet for Språk og Litteratur vil dei tidlegare klammeformene til livs. Dei siste åra har det igjen vorte vanlegast å skriva avisene i norsk presse.

» Forkjemparane for moderat bokmål er langt meir moderate enn riksmaletforkjemparane. Det betyr ikkje at dei ikkje finst. For det er mange som les avisene.

» Argumentet for privatisering er ofte meir valfridom, men ein risikerer å enda opp med det motsette. Så kan det diskuterast om denne fridomen er ei glede eller ei byrde.

» Lettmelk sju dager i uka? Hva om jeg vil ha heilmjølk til lørdagsavisa?

ANDREA RYGG NØTTVEIT

Utgjeven av Noregs Mållag

Avisa blir redigert etter Redaktørplakaten.

Tilskrift: Lilleitorget 1, 0184 OSLO

Redaktør: Andrea Rygg Nøttveit,
andrea@framtid.no,
tlf. 48140 342

I redaksjonen:
Hege Lothe, Erik Grov

Heimeside: www.nm.no

Abonnement: 250 kroner per år

Utforming: Språksmia AS
smia@spraksmia.no

Stand



Vil du endre standarden språk til Norsk?
Denne endringen vil påvirke alle nye d
Den vil også sette sidemålsundervisnir

Ja

Sidemålet ut av

2016 BLEI EIT ÅR da vi i målrørsla opplevde store framgangar. Vi hadde svært god medlemsauke og fekk Stortinget på vår side i fleire viktige saker. Det var også slik at det faktiske talet på nynorskelevar i grunnskolen auka, noko som braut ein tendens med langsam nedgang i ei rekke år. Rett nok blei det enda fleire bokmålelevar, så den prosentvise andelen blei enda nokre hundredels prosent lågare. Likevel er det grunn til å glede seg over at 160 fleire elevar har nynorsk hovudmål i dette skoleåret enn i det førre.

Dei som ikkje har nynorsk hovudmål, har som kjent nynorsk som sidemål. Det dreier seg om over 85 % av elevane i ungdomsskolen og i vidaregåande. Derfor er kvaliteten på sidemålsundervisninga svært viktig for heile utviklinga av nynorsken.

EIT VANLEG ARGUMENT frå sidemålsmotstandarane er at nynorskoplæringer hindrar elevane i å få optimalt kunnskapsnivå i bokmål. Etter det synet er språk-kapasiteten og hjernen til barn og unge som eit oppbevaringsboks-system med avgrensa plass: skal eitt språk inn, så må eit anna ut. Men det er ikkje slik at om ein del nynorsk skal inn, så må ein tilsvarande del bokmål ut. Språkkunnskap aukar språkkunnskap, og tospråklege barn skjønner raskare korleis «det andre» språket fungerer.

Det finst lærarar som klagar på at bokmåls-elever plurseleg må byrje å tenke grammatikk når dei skal skrive nynorsk. Det kan tyde på at dei ser på det som heilt greitt å lære bort norsk bokmål utan å trekke inn noko så byrdefullt som grammatikk. Bokmål har ikkje grammatikk, liksom.



MAGNE AASBRENN
Leiar i Noregs Mållag

EG HAR VORE LEKTOR i norsk og andre fag i på ein bokmålskole sidan 1985, og eg har ein god del erfaringar frå klasserommet: For det første må all språklæring (sjølv sagt også den i bokmål) støttast opp med grammatikk-kunnskapar, og for det andre er det nettopp slik at grammatikken som inngår i nynorsk-opplæringer, gjer elevane meir bevisste på bokmålet dei skriv. Eksempel: Konsekvens i val av kjønn på substantiv – brukar eg «boka» eller «boken», «døra» eller «døren» på bokmål, «ei bok» eller «en bok»? Eller tenk på bokmålsfeilen stadig fleire gjer, bruken av «de» som objektsform: «Guttene skremte de».

På enkeltord-nivå kan læraren samanlikne bokmålsordet og nynorskordet og på den måten få elevane til å sjå begge formene på ein meir bevisst måte. På eit seminar i Bergen som Odda Mållag tok initiativet til i desember, gav lektor Øyvind Indrebø ved Firda vgs. nokre gode eksempler på korleis kunnskapar om dei to norske språka kan gi utvida med vit om begge. «Styresmakter» forklarer kva «myndigheter» er, og «gravferd» forklarer kva ein «begravelse» er.

EIN UNDERLIGGANDE TANKEGANG hos sidemålsmotstandarane er at nynorsken er på vikande front, og at dette er eit fag elevane

ardspråk

k (nynorsk)?
okumenter som baseres på malen NORMAL.
ingen du fikk på skolen i et nytt lys.

Nei



Illustrasjon: Kjartan Helleve,

v skuggen

i framtida ikkje kjem til å få bruk for. Men den stadig aukande mobiliteten blant nordmenn er også ein god grunn til å ha så mykje nynorsk i bagasjen som mogleg. Elevane ved ein skole i Akershus kan vi like gjerne finne igjen som lærar på ein barneskole på Stord, som rådmann i Ål kommune eller som kjøpmann i Sogndal. Der er nynorsk det vanlege språket, og innflyttarar utan nynorskoplæring bør ikkje vere dei som spenner beina vekk under det kvardegslege språktilbodet til elevane i desse områda.

Det er hundretusenvis av jobbar unge menneske kan få i dette landet der dei må kunne nynorsk. Ved nyttår gjekk startskotet for den nye, fusionerte Høgskolen på Vestlandet som skal administrererast på nynorsk, og tingretten i Bergen skal også administrererast på nynorsk frå 2017. I næringslivet er nynorsk bruksspråket til alt frå store regionale verksamheter som Dyrsku'n i Telemark til nasjonale og internasjonale bedrifter som Skogstad sport og Kleven verft.

DET LÆRARSTANDEN MÅ vere bevisst på, er at dei skal førebu elevane på å leve og arbeide i eit land med to offisielle og sidestilte norske skriftspråk. Dette er slått fast i overordna språkpolitiske dokument frå Stortinget, spesielt i Språkmeldinga Mål og Meining frå 2007–2008. Der står det at det skal vere reell jamstilling mellom målformene. Eventuelle endringar i norskopp-læringa i skolen må vere i samsvar med dei overordna språkpolitiske føringane.

SLIK DET SER UT hos dei politiske partia nå, ligg det heller ikkje i 2017 an til at det skal bli noka politisk endring i dette, men sidemålet blir eit viktig tema for Noregs Mållag i valåret vi nå er inne i. Arbeidsprogrammet vårt går inn for

at alle elevar skal møte nynorsk alt frå barnehagealder, og at dei lærer å bruke språka gjennom heile skolegangen. Vi arbeider òg for at styresmaktene skal sette i gang eit positivt sidemålsforsøk for nynorsk, der alle bokmålselever på eit årskull nyttar nynorske læremiddel og får undervisninga på nynorsk i eitt fag.

BARN OG UNGE I DAG badar i eit hav av språk, og derfor har dei heller ikkje i utgangspunktet noka frykt for språkleg mangfold, slik eldre generasjonar hadde. Dermed bør det vere ei mykje lettare oppgåve å motivere for sidemålet i 2017, og det bør vere mykje å gå på for å gjøre sidemålsundervisninga betre. Tidleg start og mengdetrenings er det som gjer susen.

“ Språkkunnskap aukar språkkunnskap, og tospråklege barn skjønner raskare korleis «det andre» språket fungerer.

Eg syns me som er frå bygda skal fokusera meir på å drikka kaffe latte og mindre på å skyta ulv.

@TirillHeimdal på Twitter

Eg har aldri dansa så mykje på ein kveld før. Dei er gode på swing her i Odda

Vendela Kirsebom
til Hardanger Folkeblad

Du lærer ikkje å køyre bil ved å sitje i baksetet. Du lærer ikkje nynorsk ved berre å lese nynorsk.

@SHjelmeland på Twitter

Hyttefolk er glade i dialekt og nynorsk når dei er i butikken, men når me skal kommunisere, ynskjer dei bokmål

Reiselivssjefen i Vinje svarar
på kritikken frå Odd Nordstoga

Æ lure på ka bli det neste
er redd dei tek frå oss det aller
beste

Æ vekje miste NK si dampepopelse
no må dei jammen slutte å gølse

Utdrag frå diktet Ræma 1000
av Atle Rake

Nei, det er vel på grunn av
at eg snakkar fjøslatin då.

Leif Einar «Lothepus» Lothe tek
ikkje «Farmen»-tekstinga
så tungt

«Do Norwegian Nazis/nationalist prefer Bokmål, Nynorsk, or other variant(s)?»

Eitt av dei mange spørsmåla
internasjonale internettbrukarar
lurer på ifølgje ABC Nyheter

Synonymordboka.no foreslår
altså runeskrift som synonym til nynorsk. Takk og godt
natt. #nynorsk#kjelde-kritikk#språk
@rufoss på Twitter

Drøymde at regjeringa gjorde
#nynorsk ulovlig.

@vonbroten_ på Twitter

Når ei heks frå Nordmør hyler at
hjartet hennar brenn, spring eg og
slår av radioen, endå eg risikerer å
snåve og bryte bein.

Sunnmørsposten-lesar (93)
seier si hjartans meining om
radiomusikken i NRK

Alle desse stereotypane om å
væra manlig musikar frå bygda!
Du ska ikkje drive med synth, du
ska ikkje drive med pop, og du ska
ikkje bry deg om kva du har på deg!
Jeezz!

Daniel Kvammen aka unge
bonde-Bowie på Instagram

(...) Ivar Åsen Nynorsk boken min
ble brent i hagen mens jeg pakket kofferten og passet for å dra til England. Helvetes Nynorsk.
Jeg ba til den gode gud om at jeg ALDRI skulle ha noe med nynorsk å gjøre.

Kjendisdyrlege Trude Mostue
i eit lengre Facebook-innlegg
om kvifor karakter og eksamen
i nynorsk bør fjernast

Nynorskdiskusjon: – Eg synest nynorsk høyrest smartare og meir akademisk ut. På nett skriv eg gjerne nynorsk for å irriter og vinna diskusjonar, seier bokmålseleven Mats Bogstad. Medelevane Pia Fagerbakke Lunde og Eivind Grimstad har nynorsk som hovudmål.

Foto: Andrea Nottveit



Sidan 90-talet har nynorskdelen i **grunnskulen i Fjell** vorte halvert. Forskarar ved Universitetet i Bergen vil finna ut kva som kan gjerast.

– Eg skriv oftast bokmål på meldingar. Det kjem an på kven eg snakkar med. Handlar det om noko nynorsk-relatert, er det lett å skriva tilbake på nynorsk, men til beste foreldra mine blir det bokmål, seier Pia Fagerbakke Lunde.

15-åringen går i tiande klasse på Fjell ungdomsskule. Sjølv om ho er oppvaksen i nynorskkommunen Fjell på Sotra, er ho ein del av minoriteten som har nynorsk som hovudmål i grunnskulen.

NYNORSK MINORITET I 1992

hadde nesten 78 prosent av grunnskulelevane i Fjell nynorsk som hovudmål. Som ei direkte følgje av Sotrabrua som opna i 1971, har folketallet og elevtala auka kraftig dei siste 45 åra, medan nynorskdelen er meir enn halvert. Dette skuleåret har berre 34 prosent av grunnskulelevane nynorsk som hovudmål.

For Eivind Grimstad var det ikkje heilt sjølvsagt at han skulle halda fram med nynorsk etter barneskulen.

– Då eg byrja på ungdomsskulen, var eg litt i stuss om eg skulle byta til bokmål, fordi nynorsk er vanskelegare å skriva. Men sidan eg hadde hatt

nynorsk frå første til sjuande klasse, tenkte eg at eg like godt kunne halda fram, forklarar 15-åringen.

Han vekslar òg mellom ulike målformer på melding og sosiale medium, avhengig av mottakar.

– Ofte skriv ein ikkje ord ein gong, men berre bokstavar. Når det er så kort, er det ikkje alltid eg gidd å ta fram nynorsken. Somme tider vert det halvveis nynorsk, halvveis bokmål og halvveis engelsk, forklarar tiandeklassingen.

SPRÅKDELTE KLASSAR – Me må utvida bruksflata for skulespråket til nynorskelevane for at dei skal

halda på nynorsken. Det å snakka om språk og språkhaldninga er avgjerande, meiner norsklærar Jorid Saure.

For å motverka vidare nedgang i talet på nynorskbrukarar i Fjell har ho dette skuleåret sett i gang eit målstyrkingsprosjekt. Målet er å løfta og styrkja nynorsken for alle elevane, uavhengig av målform.

I tillegg til norskundervisning delt inn etter målform har dei arrangert skrivekonkurranse for elevane, inspirasjonsseminar for lærarane og er i ferd med å laga ein digital portal med stoff knytt til språk og identitet.

– Læreplanane seier at alle elevane skal meistra både bokmål og nynorsk, og for å få til det må me ha tverrfaglege undervisningsopplegg med nynorsk og bokmål i alle fag, seier Saure.

I november stemte Stortinget for å greia ut om språkdelte klassar i ungdomsskulen. Saure er ikkje i tvil om at språkdelte klassar er viktige for å styrkja nynorskbrukarane i hovudmålet sitt.

– Dei dreg veksel på kvarandre og vert trygge på eige språk og identitet. Dei vert sterkare saman, forklarar ho.



» FJELL KOMMUNE

- Øykommune på Sotra i Hordaland
- Sidan Sotrabrua opna i 1971 har folketallet auka frå 6936 til 24 870 i 2014
- Administrasjonssentrum: Straume
- Fjell har nynorsk som administrasjonsspråk, men under halvparten av elevane i grunnskulen (34 prosent) har nynorsk som hovudmål
- Fjell grensar mot Bergen, Askøy, Sund og Øygarden
- I 2016 vedtok nynorsk-kommunane Fjell, Sund og Øygarden ein intensjonsavtale om kommunesamslåing. Den nye kommunen skal ha nynorsk som administrasjonsspråk

Kjelde: SNL

Språkdelt: Norsklærar Jorid Saure er overtydd om at det å samla nynorsk-elevane i ein eigen klasse styrker den språklege sjølvtiliten deira. Forskar Endre Brunstad vil sjå nærmere på effekten av desse tiltaka.

Foto: Andrea Nottveit

g gidd å ta fram nynorsken

RANDONESTUDIE Forskarar ved Universitetet i Bergen (UiB) er i ferd med å etablera eit forskingsprosjekt for å sjå nærrare på kåra for nynorsken i Fjell og kva tiltak som fungerer.

Professor Endre Brunstad har teke turen frå UiB for å møta elevane på Fjell. Han er interessert i språksituasjonen i randsona for nynorsken og trur ein kan læra mykje av ungdommane i Fjell.

– Denne språkvekslinga vil eg tru er vanlegast hjå nynorskbrukarar. Det at dei har vurdert å skifta, tyder på at dei heile tida har ein refleksjon rundt språket sitt. Det er

eit skifte mellom barneskulen og ungdomsskulen, men aller mest i vidaregåande. Det indikerer at ungdomsskulen er viktig, meiner Brunstad.

Forskaren meiner at tilflyttinga frå Bergen absolutt har spelt ei viktig rolle, men meiner at også identitet er ein viktig faktor. Difor tykkjer han det er ekstra interessant korleis ungdommane på det tradisjonelle strilelandet definerer seg som noko heilt nytt.

STRIL – EIT DØYANDE SPRÅK?

– Morfar er den einaste eg kjenner som snakkar stril, seier Mats Bog-

stad, som har vore bokmålsbrukar sidan første klasse.

– Her på Straume lever ikkje strilamålet lenger. Me har ein slags nymotens dialekt, som eg ikkje trur dei hadde før. Skal du ha strilamål må du reisa heilt ut i Øygarden eller Sund, seier 15-åringen.

– Er de strilar? spør professor Brunstad nyfiken.

– Nei, svarar Eivind Grimstad kontant.

– Kva er de då?

– Noko heilt nytt, smiler Bogstad på veg ut døra.

ANDREA RYGG NØTTVEIT
andrea@framtida.no

“ Her på Straume lever ikkje strilamålet lenger. Me har ein slags nymotens dialekt, som eg ikkje trur dei hadde før.

Mats Bogstad, 15 år

Prosjektet «**Nynorske lesefrø»** bidreg til å ufarleggjera nynorsk – for både born og vaksne.

Spirande lesegledede

NÅR FEMÅRINGANE i Talgje barnehage er ferdig med leik og moro ute, går det ikkje mange minuttar før ein finn dei ved bokhylla. Heilt på eige initiativ dreg dei fram kvar si bok, finn seg ein roleg plass, og set seg til å lesa.

– Med jamne mellomrom får me ein eigen bokkasse frå biblioteket. Før fekk me nesten berre bøker på bokmål, men no ber me om å få flest mogleg på nynorsk, fortel Randi S. Christophersen, styrar og pedagogisk leiar ved Talgje barnehage.

OPPSKRIFT FRÅ NYNORSKSENTERET

Barnehagen i nynorskskommunen Finnøy har satsa sterkt på språk, og gjennom prosjektet «Nynorske lesefrø» har både vaksne og ungar vant seg til å bruka nynorsk.

Pilotprosjektet er utarbeidd av Nynorsksenteret i Volda og har som mål å skapa gode samarbeidsrutinar mellom barnehagane og folkebiblioteka.

– No held vi på med å utvikla ei nettside som skal lanserast i løpet av våren. Der skal me leggja ut ei oppskrift, og visa kor enkelt det kan gjerast. Då kan alle som vil, delta, seier Anne Marta Vadstein rådgjevar ved Nynorsksenteret.

UFARLEGGJER MÅLFORMA

Ifølgje barnehagestyrar Chris-

»NYNORSKE LESEFRØ

- Er eit pilotprosjekt initiert av Nynorsksenteret i Volda etter modell frå Lesesenteret i Stavanger sitt «Lesefrø»-prosjekt, som er utvikla spesielt for barnehagar med mange fleirspråklege born.
- Så langt har kommunane Sula, Herøy, Jølster, Ål, Lindås, Gauld, Skodje og Finnøy delteke.
- Målet er å auka tilgangen på nynorsk litteratur i barnehagane gjennom betre samarbeid med folkebiblioteka.
- Ressursar og tips kjem på nettet våren 2017.

Kjelde: Nynorsksenteret

tophersen var ein del av ungane skeptiske til nynorskbøker før dei starta med prosjektet. Dei tykte det var vanskeleg å forstå, og var vane med å høyra tekstar lesne på bokmål.

Ved å ta i bruk nynorsk har både born og vaksne blitt meir komfortable med målforma.

– Dei tilsette var tidlegare vane med å lesa bokmålsbøker. Ved å ta i bruk nynorsk meir systematisk, og



Handlag: – Kva dyr er det som kan dukka under vatn, spør Reidun Hagetro Gard. Mange ivrige barnehender kjem raskt i vêret når det er høgtlesing av Henrik And.

lesa fleire bøker på nynorsk, har ein ufarleggjort målforma, seier Christophersen nøgd.

No har lesing vorte ein heilt integrert og naturleg del av kvardagen i barnehagen.

– Me prøver å bruka ulike måtar å lesa på. Ungane kan lesa saman, kvar for seg, eller me kan ha høgtlesing for dei. Nokre gonger har me bøker med på tur, og les ute i naturen, fortel Christophersen.

INVITERTE FORELDRA MED

Finnøy kommune har vore med på «Nynorske lesefrø» sidan hausen 2015.

Ifølgje Merete Meling Kindingstad, biblioteksjef i Finnøy, har barnehagane som deltar i prosjektet jobba ulikt med språk og lesing.

– Nokre har hatt forfattarbesøk, andre har hatt ein lesegledar som kom og presenterte bøker, fortel ho.

Foreldra i Talgje barnehage vart involverte gjennom morgonmøte med



Ambulanselektre: – Eg er mest glad å lesa i ambulanseboka mi, fortel Symre (5). Ved sida av henne sit frå venstre Trygve (5) og Jørgen (5).

kaffi og informasjon. Her oppmoda dei foreldra sjølv til å lesa med borna.

Biblioteksjefen fortel at dei har opplevd ein auke i etterspurnad etter bøker på nynorsk etter at prosjektet starta.

– Me har starta å merkja bøkene me har på nynorsk. Sjølv bildebøkene som er på nynorsk, kjem me til å setja for seg sjølv, fortel ein storfornøgd Kindingstad.

– BØR VERA EIN RETT

Både biblioteksjefen og barnehagestyren trekker fram kor viktig det er å ta i bruk nynorsk tidleg, spesielt med tanke på overgangen til skulen. Vadstein ved Nynorsksenteret er einig.

– Når born møter nynorsk tidleg, legg det grunnlaget for at dei seinare vert trygge på å lesa og skriva nynorsk. Det bør vera ein rett for born som seinare skal skriva nynorsk på skulen, å bli kjende med nynorske bøker, songar og tekstar også i barnehagen. Born som vert lesne høgt for på nynorsk, lærer skriftforma via øyret, avsluttar ho.

INGUNN GJÆRDE
tekst og foto

Etterlyser nynorsk i rammeplanen for barnehagane

NASJONALT SENTER for nynorsk i opplæringa åtvarar mot konsekvensane av ikkje å møta nok nynorsk i barnehagane.

Kvart år byrjar nesten 8000 born på skulen i nynorske skulekrinsar. Barnehageundersøkinga til Pirion og Landssamanslutninga av nynorskkommunar viser at fleirtalet av born i nynorske barnehagar møter oftare song og høgtlesing på bokmål enn nynorsk.

Torgeir Dimmen, senterleiar for Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa, åtvarar mot konsekvensar for det språklege sjølvbiletet og grunnlaget for å læra skriftspråk når dei byrjar på skulen.

– Desse borna har ein rett til å møta skriftspråket sitt før dei byrjar den formelle lese- og skriveopplæringa i småskulen. Dette bør vera ein sjølv sagt og lovfest rett. Slik er det ikkje, korkje i gjeldande rammeplan for barnehagen eller i utkastet til ny plan, seier Dimmen, og legg til:

– At det finst to variantar av skriftspråket norsk, er ikkje tematisert nokon stad i utkastet til ny rammeplan. Det er heller ikkje nemnt nokon stad at born i barnehagealder i nynorsk-område har andre vilkår for å etablera eit grunnlag for lese- og skriveopplæringa frå første klasse enn born i bokmålsområde. Desse momenta må inn i den endelege versjonen av den nye rammeplanen.

Han meiner det er påfallande at nynorsk ikkje er nemnd med eit ord.

I ei høyningsfråsegn føreslår Nynorsksenteret at den nye rammeplanen får inn at barnehagar i nynorskdistrikt skal stimulera borna sin nynorskspråklege kompetanse, slik at dei kan utvikla og ta vare på språket sitt.

Nynorsksenteret meiner òg det er viktig at det blir slått fast i rammeplanen at personalet skal bruka og tilby eit mangfold av bøker og songar på bokmål og nynorsk.

Nynorske barnehagar syng og les mest på bokmål

– **BORN MÅ IKKJE** bli fråtatt sjansen til å lytta seg inn i skriftspråket, åtvarar forskar Anne Høigård.

75 prosent av alle barnehagane i nynorsk område



Anne Høigård har skrive *Barns språkutvikling* som er pensum på dei fleste barnehage-lærarutdanningane. Foto: Universitetsforlaget

syng éin eller fleire songar på bokmål i løpet av ein vanleg dag. 58 prosent av barnehagane syng minst éin song på nynorsk kvar dag. Også når det gjeld høgtlesing, er bokmål meir vanleg enn ny-norsk.

Det viser ei undersøking som kulturavisa Pirion.no har gjennomført i samarbeid med Landssamanslutninga av nynorskkommunar.

Ifølgje undersøkinga er barnehagane flinke til gjenfortelja og lesa på dialekt. Men nestor innanfor forsking på språkstimulering i barnehagar, Anne Høigård, meiner alle treng å høyras skriftspråket sitt opplese for å høyras at det er forskjell på skriftspråket og dialekt.

– Alle lærer tidleg at ein ikkje skriv heilt slik som ein snakkar. Det ein høyrer opplese, blir det ein oppfattar som det rette skriftspråket, seier Høigård.

– Må inn i rammeplanen Høigård understrekar at song og er ein veldig viktig veg inn i språklæringa og er klår på at den nye rammeplanen for barnehagane bør seiia noko om språkstimulering og nynorsk.

– Det går mykje vidare enn berre å vera eit snevert skuleførebuande tiltak. Nynorsk er òg ein del av barnehagane sitt kulturoppdrag, slår ho fast.

Høigård har i ei årrekke undervist ved barnehagelærarutdanninga i Stavanger, men er no pensjonist.

– Eg er stytg redd for at svikten ligg i mange av barnehagelærarutdanningane. Eg trur at mykje av haldningsarbeidet er fråverande i flere av barnehagelærarutdanningane. Slik eg eg kjänner utdanningane, så er det ikkje alle stadene ein har eit bevisst forhold til språkstimulering på nynorsk, seier Høigård.

SVEIN OLAV B. LANGÅKER

Etter å ha jakta på ein identitet gjennom fem engelskspråklege album, har **Hanne Kolstø** funne seg sjølv på sunnmørsdialekt.

– Då eg laga dei første platene mine, hata eg tekst

– DIALEKTA MI ER jo meg, seier Hanne Kolstø (35).

På alle dei seks albuma ho har gitt ut sidan debuten med *Riot Break* i 2011, har jakta på identitet vore eit tema i tekstane til den produktive artisten. Men først på årets album, *Fest blikket*, har Kolstø våga å ta i bruk den klangrike Sykkylven-dialekta som ber i seg så mykje av identiteten hennar. Det steget er ho glad for at ho endeleg tok.

– Eg føler meg heilt enormt fri. Eg kjem nærmare både meg sjølv og dei eg snakkar til, og det er så fint og så skummelt, seier Kolstø når Framtida.no møter henne på Kulturhuset i Oslo.

NATURLEG SPRÅKBYTE Det å gi ut eitt album i året har blitt ein rutine for Kolstø. Men sjølv om ho er godt van med både femmarar, seksarar og nominasjonar til Spellemannprisen: Den «botnlause skamma» over å utelevere seg sjølv og vise seg fram, kjem tilbake kvar gong eit nytt album er ute og platemeldingane tikkar inn.

– Det er like sårbart kvar gong. Det blir aldri rutine, seier Kolstø. Ho fortel at det ambisiøse prosjektet med å gi ut eitt album i året eigentleg er ein måte å takle skamma på:

– Det handlar om å sensurere seg sjølv mindre. Tidsfristen tvingar deg til å gi litt slepp på sjølvsensuren. Når du har litt dårleg tid, må du liksom ta det som kjem.

– DET DATT BERRE UT Det å byrje å syngje på norsk, var også

»HANNE KOLSTØ

- Fødd 1981
- Frå Sykkylven på Sunnmøre
- Har utdanning i utøvande rytmisk musikk ved Universitetet i Agder
- Albumdebuterte i 2011 med *Riot Break*. Deretter kom *FlashBlack* (2012), *Stillness and Panic* (2013), *Forever Maybe* (2014), *While We Still Have Light* (2015), *Live at Tøyenkirken* og *Fest blikket* (begge 2016)
- Nominert til Spellemannprisen i kategorien Årets popalbum i 2012 og Årets popsolist i 2013, 2014 og 2016
- Vann Forbildeprisen på Byalarm i 2014
- Har tidlegare spelt i banda Love:Fi, Thelma & Clyde og Post

noko som berre kom. Eigentleg var planen å lage eit reint instrumentalalbum, utan ord – men i det opne musikalske landskapet fann Kolstø plutsleig ein «hemmeleg inngangsport» til å byrje å ta i bruk dialekta. Passande nok skjedde det i Tekstfattarfondet si leilegheit i Firenze, der ho jobba med plata.

– Det datt berre ut ei setning,

og den var på norsk. Det var veldig flaut, men då var det berre å gripe skamma.

Etterpå er Kolstø aller mest glad for at melderane meiner språkskiften kjennest naturleg. Det siste ho vil, er at det skal vere ein «wow-faktor» som tar merksem vekk frå musikken.

– I starten var eg veldig oppteken av å syngje på engelsk, fordi eg ville at melodien og røysta og lyden av orda skulle vere i fokus, og så kunne folk høre etter på teksten viss dei ville. Det eg hadde imot norsk, var nettopp at då var det orda som stod i fokus; då var musikken berre noko som backa opp teksten.

Etter kvart som ho har arbeidd med norske tekstar, har Kolstø funne ut at ein ikkje treng vere Stein Torleif Bjella eller deLillos sjølv om ein syng på norsk. Med abstrakte, ofte ordknappe og biletrike tekstar har ho funne ein naturleg plass for morsmålet i det musikalske uttrykket sitt.

ENGELSK KAMUFLASJE – Då eg laga dei første platene mine, hata eg tekst. Musikken berre rann ut av meg, men det var så keisamt å setje seg ned og skrive den forbaska teksten, ler Kolstø.

Dårleg sjølvtillit når det gjaldt skrivinga gav henne ein ekstra grunn til ikkje å syngje på norsk.

– Eg tenkte at når eg skrev engelsk, kunne eg sleppe unna med kva som helst.

Nøkkelen til å få grep om tekstsentreringa fann Kolstø i litteraturen. Ho laga seg ein rutine med å lese; i byrjinga særleg bøker om psykologi og filosofi, seinare meir og meir romanar og dikt på nynorsk. Frå litteraturen kan ho hente med seg ord, setningar, stemningar eller biletar som hjelper henne med å gi form til sine eigne erfaringar og vanskar med å vere menneske.

– Eg leitar etter ei spegling av det indre, å finne meg sjølv i teksten. Og overraskingsmomentet i å finne seg sjølv i noko du ikkje trur skal tale til deg. Det er ei slags forsking på deg sjølv, som kjem ut i tekstane via litteraturen.

– NYNORSK ER MITT SPRÅK

På spesialutgåva av *Fest blikket* på kvit vinyl, følgjer det med eit tjukt teksthæfte som nesten liknar ei lita diktbok. Der har Kolstø skrive ned tekstane på Sykkylven-dialekta ho syng med.

Men når ho oppdaterer artistsida si på Facebook, er det på nynorsk. Sjølv sagt.

– Eg føler at det er mitt språk. Eg kunne aldri ha skrive på bokmål, det blir heilt fjern for meg, seier Kolstø, som røper at ho er meir enn gjenomsnittleg medviten om å halde på målet.

– Eg kjeftar på folk heimanfrå som skriv bokmål på e-post. Hallo, kvifor gjer dei det? Nokon seier at dei ikkje blir forstått på nynorsk. Men viss vi sluttar å bruke det, så forstår i alle fall ikkje folk det.

AASEN-BYSTA I STOVA I tillegg til nærliken til dialekta og heimstaden på tjukkaste Sunnmøre, finn Kolstø også ein estetisk nerve i nynorsken.

– Det er ein motstand og nokre kantar i nynorsk som gjer det veldig fint å lese. Bokmål er så polert. Det glir liksom berre.

Difor er det ikkje til å undrast over at Ivar Aasen-bysta som står heime i stova hos Kolstø, er det kulaste ho eig.

– Besteforeldra til kjærasten min skulle flytte frå huset sitt, og så spurte dei: «Kva skal vi gjere med den bysta?» Då fekk eg heilt frysninga.

RUNAR BJØRKVIK MÆLAND
Framtida.no

“ Det er ein motstand og nokon kantar i nynorsk som gjer det veldig fint å lese. Bokmål er så polert, det glir liksom berre.



Presset: – Det må vere spekka med motstand. Eg kunne ikkje gitt ut noko utan spenning, og det får du når du jobbar mot ein tidsfrist, seier Hanne Kolstø, som tvingar seg til å lage eit nytt album kvart år.

Foto: Andrea Nottveit

– Pinleg at staten bryt eigne lover

Informasjonsrådgjevar i Fjell kommune, **Vigleik Brekke**, har ført statistikk over målforma i statlege skriv.

– Det er nedslående tal at om lag 80 prosent av statlege skriv frå sentrale organ er på bokmål, seier Vigleik Brekke, informasjonsrådgjevar i Fjell kommune.

Han fekk nyleg Målkipo av Sotra Mållag for innsatsen som språkrøkta i det offentlege. I perioden april–juni 2016 har Brekke registrert alle statlege skriv til kommunen og kva målform dei er skrivne på.

Fra statsministerens kontor og departementa var 36 av i alt 38 skriv på bokmål, altså 95 prosent. Hjå andre sentrale statlege organ var stoda litt betre. Her var 29 prosent av skriva på nynorsk.

– Det er pinleg at ikkje staten bryr seg og bryt sine eigne lover og føreseg-

ner. Mållova er tydeleg på at ein har rett på alle administrative statlege skriv på nynorsk, men dette vert i stor grad oversett. Det er eit kjempegap mellom krava og det som blir praktisert, slår Brekke fast.

I 2010 gjorde han ei liknande teljing i mindre skala i samband med at Språkrådet gjennomførte ei undersøking om språkbruken i nynorskkommunar og språknøytrale kommunar.

Brekke har no sendt ei samleklage til Kulturdepartementet.

Han meiner staten bør påleggja seg sjølv ein frist og rydda opp i det han meiner er därleg språkkultur.

– Kulturdepartementet må ta affære og sjå til at staten følger reglane. Det er behov for opplæring og haldningsendring, som må forankrast på toppen, seier han.

KULTURDEPARTEMENTET: – HAR SENDT BREV TIL SPRÅKRÅDET

Statssekretær i Kulturdepartementet Bård Folke Fredriksen kommenterer følgjande i ein e-post frå kommunikasjonseininga:

– Eg er oppteken av at statlege organ både kjenner og følgjer reglane i mållova. Språkrådet fører tilsyn med målbruken i staten på vegner av Kulturdepartementet. Vi har difor sendt brev til Språkrådet og bede dei om å minne statlege verksmeder om kva reglar som gjeld. Språkrådet har gode verktøy for å rettleie statsorgana og kan jobbe systematisk med dette. Eg vonar at det vil gje den beste effekten på sikt, svarar Fredriksen.

Brekke er glad det vert reaksjoner, men er usikker på om tilstrekkeleg at Språkrådet reagerer.

– I tillegg bør Kulturdepartementet krevja at alle departementa utarbeider ein plan/tiltaksplan som sikrar at avvika vert lukka. I denne samanhengen er opplæring og språkleg kompetanse hjå medarbeidarane avgjerdande. Staten kan ikkje leva med at mållova vert broten slik vi har påvist, skriv Brekke i ein e-post.

ANDREA RYGG NØTTVEIT
andrea@framtida.no

FJELI

Nedslått: Informasjonsrådgjevar i Fjell kommune, Vigleik Brekke, er skuffa over staten, men skryt av Fylkesmannen i Hordaland, som sender skriva sine på nynorsk.

Foto: Andrea Rygg Nøttveit



Språkskilje: Torbjørn Røe Isaksen, leiar for programkomitéen i Høgre, trur nynorsk og bokmål kan få tydelegare sær preg om andre enn Språkrådet får ansvaret for å normera språka. Foto: Hans Kristian Thorbjørnsen / Høgre

Høgre-forslag: Språk

Både Det Norske Akademie for Språk og Litteratur og Nynorsk kultursentrum er overraska over å bli foreslått til jobben.

Språkrådet har i dag fullmakt til å endra skrivemåte og bøyning av ord i bokmål og nynorsk, og til å fastsetja skrivemåten av nye ord i norsk. Det vil det kanskje bli slutt på, om Høgre får viljen sin etter stortingsvalet i haust.

I utkastet til nytt partiprogram seier eitt av punkta at Høgre vil «Vurdere om språknormeringen for bokmål og nynorsk skal flyttes ut av Språkrådet.»

Kunnskapsminister Torbjørn Røe

Isaksen, som også leier programarbeidet i partiet, peikar på at mange andre land ikkje har offentlege organ som driv med språknormering, men private institusjonar som akademi og liknande.

– I norsk samanheng har me relativt nyleg gått bort frå samnorskanaken, og i dei siste rettskrivningsreformene har fleire av dei tradisjonelle klammeformene blitt tillatne igjen. Å flytta språknormeringa ut av Språkrådet kan gjera at både bokmål og nynorsk får eit tydelegare sær preg, seier Isaksen til Framtida.no.

Han nemner som eksempel at Det Norske Akademie for Språk og Litteratur, som normerer den uoffisielle språkforma riksmalet i dag, kunne tatt over normeringa av bokmål – medan til dømes Nynorsk kultursentrum kunne fått ansvaret for nynorsken.

– Har desse institusjonane ressur-



Språkpris til Skam»

NRK-serien «*Skam*» fekk Norden språkpris 2016 for å engasjere eit ung nordisk publikum og for å byggje opp positive haldningar til nabospråka i Norden.

«*Skam*» er eit godt døme på at dubbing av skandinaviske filmlar og seriar ikkje er nødvendig, seier juryen i si grunngiving.

Time er årets nynorskkommune

Ordførar **Reinert Kverneland** (H) fekk utmerkinga «Årets nynorskkommune 2016» av kulturminister Linda Hofstad Helleland under ei markering i Det Norske Teatret i Oslo i november. Prisen, som vert delt ut av Kulturdepartementet i samarbeid med Språkrådet, går til ein kommune eller fylkeskommune som har nynorsk som målform. I grunngjevinga si legg juryen vekt på at Time har ei medviten haldning til språk og nynorsk i ein region der nynorsken er under press. Kommunen får 100 000 i prispengar.

Årets nyord

Språkrådet og Gisle Andersen, professor ved Noregs handelshøgskole (NHH), har kåra «kvarlagsintegrasjon» til årets ord. Ordet fekk eit veldig oppsving etter at statsminister Erna Solberg tok opp tematikken i fjorårets nyttårstale. Seniorrådgiver Ole Våge i Språkrådet meiner populariteten til ordet syner at det dekkjer eit etterlengta behov for å skildra innsatsen som vanlege folk gjør.

– Me trur at dette treffande ordet har kome for å bli i språket, seier Våge i ei pressemelding.

rådet kan mista rettskrivningsansvar

sar nok til å drive språknormering?

– Det er noko av det me må vurdera, og det kan henda dei må få tilført midlar. Det er ikkje sikkert dette er noko sparetiltak.

HEYERDAHL: – «MEGET» INTERESSANT

Preses i Det Norske Akademi for Språk og Litteratur, Nils Heyerdahl, har ikkje høyrt noko om forslaget frå Framtida.no kontakta han.

– Eg synest forslaget er «meget» interessant, og er ikkje framand for tanken. Eg håpar at me kan få den posisjonen, det ville bety mykje for oss, seier Heyerdahl.

Han peikar på arbeidet dei har gjort med Det Norske Akademis Store Ordbok. Den digitaliserte utgåva skal ferdigstilla i 2017.

Heyerdahl tek etterhald om at oppgåva då kjem med tilstrekkelege

ressursar og eit mandat dei kan godta.

– Normeringa må ha som underlag det som blir bruk i kurant litteratur og presse. Å normera bokmål er ei interessant oppgåve fordi det er så omfattande. Det finst så mange ulike former. Me vil basera norma på faktisk bruk, seier Heyerdahl.

Han tykkjer Røe Isaksen sin tanke om å skilja nynorsken og bokmålet frå kvarandre er logisk.

– For oss er det samnorsken som har vore hovudfienden, avsluttar Heyerdahl.

GREPSTAD: – NEI TAKK

Direktør i Nynorsk kultursentrum Ottar Grepstad har høyrt formuleringa frå Høgre, men heller ikkje han var kjent med at leiaren for programkomiteen foreslår at Nynorsk kultursentrum kan ta over nynorsknormeringa.

– Han driv jo litt høgttenking. Dette er eit strategisk spørsmål der styret vil ha det siste ordet, men mitt ønske er at me takkar nei. Det er sterkt tradisjon for at Språkrådet normalerer dei to språka, og me ønsker ikkje ei privatisering av dette oppdraget, seier Grepstad, som tidlegare har vore styreleiar i Språkrådet.

WETÅS: – VIKTIG FOR LEGITIMITETEN

Direktør i Språkrådet Åse Wetås tykkjer også at det er ein dårleg idé å skilja dei to målformene frå kvarandre.

– Skjønar du argumentet frå Røe Isaksen?

– Nei, eg gjer ikkje det. Etter at samnorskpolitikken vart offisielt avvikla etter årtusenskiftet, har eit av fundamenta for normeringspolitikken vore at dei to målformene skal

normerast saman, slik at det ikkje oppstår unødige skilje i normeringa, forklarar Wetås.

Ho peikar på at normeringa i Noreg alltid har vore eit offentleg ansvar, først for Stortinget, seinare Kulturdepartementet og til slutt Språkrådet.

– Det trur eg er viktig for legitimitet til rettskrivinga. Det aller viktigaste er at me har ei norm med stor legitimitet i det norske språkbrukarsamfunnet. Det er veldig godt sikra når normering skjer i det offentlege. Vidare er det ekstremt viktig at det skjer på trygt vitskapleg grunnlag, av normeringskunnige med langsigkt språkobserverversjon i tankane. Dette

ANDREA RYGG NØTTVEIT,
RUNAR B. MÆLAND
Framtida.no

3580 kilometer for

Eit tilbakeblikk på Nynorsk-stafetten 2016.

For fjerde året på rad dekorerte Noregs Mållag og Norsk Målungsdom ein bil, fylte han med materiell, og reiste på nynorskstafett. I løpet av 19 dagar stogga bilen i 22 kommunar fordelt på tre fylke.

– Det er utruleg moro å reise med Nynorskstafetten, seier Magne Aasbrenn, leiar i Noregs Mållag.

Nynorskstafetten starta i heimbyen hans, Fredrikstad, før vi rulla vidare til Gausdal, Lillehammer, Sør-Fron, Nord-Fron, Sel, Vågå, Lom, Skjåk, Lesja, Dovre, Rauma, Vestnes, Sandøy, Midsund, Molde, Aukra, Fræna, Gjemnes, Aure, Surnadal og Sunndal.

Mållagsleiaren og leiar i Norsk Målungsdom, Synnøve Marie Sætre, fekk innhaldsrike dagar på Nordmøre, og var mellom anna med på å skipe oppatt Eide og Fræna Mållag etter tjue år utan aktivitet.

I tillegg til å vitje ei rekke barnehagar og barne-, ungdoms- og vidaregåande skular vart det møte med 15 ordførarar eller andre kommunerepresentantar.

– Det er veldig gjevande å treffen ordførarar, skuleleiing og dei tilsette i barnehagar og på skular, seier Magne Aasbrenn. Han peikar på at nokre kommuneadministrasjonar blir minna på å bruke meir nynorsk, medan andre får ros for at dei medvite brukar nynorsken i den kommunale kvarldagen.

På kveldstid hadde lokale mållag laga til heile 13 ulike tilskipingar, der eit svært breitt spekter av emne vart tekne opp.

ERIK GROV
erik.grov@nm.no



Leseglede: Hege Lothe frå Noregs Mållag og Eldbjørg Kopsland Bø frå Gausdal dialekt- og mållag motte dei eldste ungane i Follebu FUS barnehage i Gausdal.

Alle foto: Noregs Mållag



Språkkafé: Sunndal Mållag inviterte til språkkafé på biblioteket med godt oppmøte og god prat. Synnøve Marie Sætre, leiar i Norsk Målungsdom, i framgrunnen.



Aasen og ballongar: Ungdomane i 6. og 7. klasse på Marlo skule i Skjåk har fått Tuss og Troll, ballongar og ein skuletime om Ivar Aasen og nynorsk.

målsaka



Stafettveksling i Sør-Fron: Erik Stenumgaard, varaordførar i Sør-Fron kommune, tek gjerne sin stafettetappe for nynorsken. Her er det Hege Lothe frå Noregs Mållag som leverer stafettipinnen vidare.

Bergenskonferansen 25.–26. mars

For andre gong vert Bergenskonferansen skipa til Helga 25.–26. mars. Det er duka for spanande emne i Bergen. Det vert snakk om integrering og nynorsk, nynorsk som kommune- og

regionalspråk og kva språksamlinga vil ha å seie for språkforskinga i Bergen. Konferansen vert arrangert av Hordaland Mållag, Bergen Mållag og Universitetet i Bergen.

Landsmøte på Sandane

Norsk Målungsdom inviterer inn til landsmøte fredag 31. mars–sundag 2. april. Landsmøtet vert i aulaen på Firda vidaregåande skule på Sandane.

Daniel Kvammen på skuleturne i Hallingdal

I januar har den populære artisten vitja alle ungdomsskulane i Hallingdal. Det er **Hått Halling**, eit prosjekt i regi av Buskerud Mållag som arrangerer turneen.

– Me er svært glade for å ha

greidd å kapre Daniel Kvammen til ein tur på heimebane midt i travlaste innspurten med lansering av ny plate, seier prosjektleiar Heidi Molstad Andresen, til avis Hallingdølen.

Tente over 10 000 kroner

Mållaget Ivar Kleiven i Gudbrandalen fekk inn heile 10 431 kroner frå Grasrotandelen i 2016. Dei er eitt av dei mållaga som har klart høgst inntekter frå denne ordninga. I alt 51 lokal- og

fylkesmållag er med i Grasrotandelen. Mange mållag har ingen eller meir moderate inntekter frå ordninga. Valdres Mållag fekk til dømes inn 110 kroner.

Fritt Ord-støtte til Stjørdal

Stjørdal Mållag har fått støtte frå Fritt Ord. Laget får 30 000 kroner i støtte til eit prosjekt dei har kalla «Ivar

Aasen kjem til Stjørdal – igjen» som tek sikte på formidling av nynorsk skjønn- og faglitteratur.



Bilete av det mellombels styret: Frå venstre: Synnøve Valle, Øyvind Fenne, Odd Arne Halaas, Rune Iversen og Anne Berit Myrbostad. Anne Kringstad Grønvik er også i styret. Foto: Magne Aasbrenn

Eide og Fræna Mållag er oppattskipa

– Det har vore stor interesse for å starte opp att, og mange er interesserte i å melde seg inn og skape aktivitet, seier **Øyvind Fenne**, mellombels leiar i laget. Magne Aasbrenn, leiar i Noregs Mållag og Synnøve Marie Sætre, leiar i Norsk Målungsdom,

var til stades på møtet. Eide og Fræna Mållag i Romsdalen har ikkje hatt aktivitet sidan 1996.

– Dei to kommunane Eide og Fræna skal slå seg saman, og dette vert den viktigaste saka å følgje med på vidare, seier Øyvind Fenne.

Riddarspranget

Forfattar **Olav Gullik Bø** har dramatisert den kjende soga om Riddarspranget, og spelstykket er utgjeve som eit hefte på Kvitvelha Forlag, som er drive av Nord-Aurdal Mållag. Det melder avis Valdres. Soga handlar om Sigvat

på Leirhol som hentar den vakre Skårvangssola frå garden til festarmannen hennar, Ivar Gjesling. Kløfta Riddarspranget ved elva Sjoa er med på å halde liv i segna om Sigvat som hoppa over kløfta med jenta i armane.

Barnebøker til barnehagane

Kvinnherad Mållag har gjeve tre barnehagar ti barnebøker kvar, melder Kvinnherdingen. Før jul fekk borna besøk med høgtlesing av nestleiar i Kvinnherad Mållag, Øystein Skjæveland.

Mållagskalender

Sveio Mållag og Tinn Dialekt- og Mållag er to lokallag som kvart år gjev ut kalender. Sveio Mållag har lokale bilete saman med dikt skrivne av elevar i kommunen, medan Tinn presenterer bilete frå alle bygdelaga i kommunen.

EggSynestmeddekalie OSS

Dei blaude konsonantane er i ferd med å bli harde. Bibliotekar og blaudisforkjempar **Birgitte Kleivset** meiner sørlanders bør bli stoltare av dialekten sin.

- DU SKAL HA BLAUDIS? Det er den det.

Marit Paulsen på Dampbageriet i Kristiansand peikar på ei rad delikate stykke merkte med marsipankake. 24-åringen må medgje at ho måtte tenkje seg om to gonger då bestillinga kom, for blaudis har ho ikkje høyrte på evigheiter.

Kristiansandaren merkar at dei blaude konsonantane er på hell, særleg blant dei som er yngre enn henne. 24-åringen har inntrykk av at folk over 25 framleis har blaude konsonantar, medan dei som veks opp no, ikkje har det.

- Eg synest det er veldig synd at dei forsvinn,
for eg merkar sjølv at når eg er ute og reiser, så
saknar eg sørlandsken, smiler ho.

EIT OVERFLØDIG SPRÅKTREKK Dei siste femten åra har dei blaude konsonantane byrja å trekke seg attende, særleg i Kristiansand og austover langs Skagerakkysten. Professor emeritus ved Universitetet i Agder, Martin Skjekkeland, viser til Sissel Kostol si masteroppgåve frå 2002, der tilbakegangen for b, d, g-uttalen kom klart fram.

- Dei blauda konsonantane er på sett og vis eit overflødig språktrekk, som ikkje har nokon funksjon i å skilje ord frå kvarandre, seier Skjekkeland, som sjølv kjem frå Kvinesdal.


Likevel finst det unntak. Ei sørlandsk rude, er ikkje det same som ei rute. Førstnemnde handlar om vindauge-ruter, medan det andre viser til ei bussroute.

«Æ ÆLSKÅR DE BLØDE» Dialektutviklinga er noko sørlandingane har byrja å få auga opp for dei siste åra – ja, kanskje er me vitne til ei aldri så lita dialektvekking langs bibelbeltet.

Det heile byrja då universitetsbibliotekar Birgitte Kleivset var til stades på eit bygdearrangement i heimbygda Søgne. Ein av foredragshaldarane nemnde i ei bisetning at dei blaude konsonantane var i ferd med å forsvinne.

– Det var noko eg kjente igjen. Det er jo noko kjenslemessig i dette. Det har med historia til Sørlandet å gjøre. Det er jo identiteten vår, seier Kleivset engasjert.

Etter føredraget la ho ut eit innlegg på Facebook der ho fortalte om dialektutviklinga og spurte etter kva ord det var snakk om. Responsen lét ikkje vente på seg. Alle orda som vart lista opp, vart utgangspunktet for ein blogg. Seinare kom nettstaden blaudis.no og Facebook-støttegruppa «Æ ælskår de bløde/blauðe konsonantane».



» BLAUME KONSONANTAR

- Dei stemte (blaute) konsonantane *b*, *d*, *g* erstattar dei ustemte (harde) konsonantane *p*, *t*, *k*
 - Området med blaute konsonantar vert gjerne kalla «den blaute kyststripa» og strekkjer seg frå mellom Arendal og Tvedestrand i aust til midt på Karmøy i vest
 - Fenomenet kom truleg til dei sørlegaste delane i Noreg og Sverige frå Danmark på 1300-talet, altså før dansketida.
 - På eitt tidspunkt slutta dei blaute konsonantane å virke, slik at nye lånord ikkje fekk blaut konsonant

Kjelde: SNL

- Det er mykje humor i det, difor passar det godt i sosiale medium. Men eg trur òg at dette var noko folk hadde behov for å setje ord på, seier Kleivset.

I 2013 gav Kleivset ut Blaude konsonanter – 1000 sørlandske ord og uttrykk, saman med



Werrrgeland: – Det var ein del diskusjon om Wergeland skarra eller rulla på r-en, men blaude konsonantar hadde han, konstaterer blaudisentusiast Birgitte Kleivset, framfor Universitetet i Agder. Foto: Andrea Rygg Nottveit



språkforskar Ingrid Kristine Haslund. I oktober i fjor kom Sørlandsk pegebog for dei minste, eit samarbeid med grafisk designar Kine Halland. Neste prosjekt er eit sørlandsk konversasjonsleksikon med nyord som *nyhedsunnvigår* og *kjøbestopp*.

– Kva er det med dei blaude konsonantane?
– Dei er jo ikkje harde. I staden for ein skarp p, kan det kome ein stemt b.

Kleivset nærast tørrspyttar ut den harde p-en, medan b-en er så blaud som du får han.

Ho tykkjer det er gøy å uttale dei blaude orda, som ho karakteriserer som litt «mjuke» og «slappe». Med prosjektet håpar ho å heve prestisjen til dialekttrekket som er karakteristisk for Sør- og Sørvestlandet.

– Grunnen til at folk legg om når dei kjem til Oslo, er jo ikkje at dei ikkje blir forstått. Alle forstår når eg seier kage i staden for kake. Men det er ikkje korrekt og kan oppfattast litt tafatt og einfaldig, nesten litt barnsleg, seier ho.

«Blaudis»: – Kvar gong noko skal feirast er det *blaudis*, forklarar Kleivset. Foto: Andrea Rygg Nottveit

TILBAKEGANG PÅ 2000-TALET

Regelen er at det blir overgang til blaut konsonant når p, t eller k står etter ein vokal inni ordet. Desse ustemde konsonantane blir erstatta av ein stemt b, d eller g. Helst skal konsonanten stå etter ein lang vokal, men det finst nokre unntak, som å sitde (sitte), kobber (kopper) og pebber (pepper).

På kontoret sitt på Universitetet i Agder har Skjekkeland rader av bøker om dialektar. Fleire av desse har han sjølv skrive.

Han viser kart over utbreiinga av dei blaude konsonantane. Området strekkjer seg frå den sørlegaste delen av Karmøy i vest til mellom Arendal og Tvedstrand i aust. Det er først og fremst i området frå Kristiansand og austover at bruken av dei blaude konsonantane går tilbake, men det skjer også på Karmøy. Også i midtre bygder på Agder er området med blaude konsonantar i ferd med å krympe.

Ifølgje professor Martin Skjekkeland er det ikkje tvil om at dei blaude konsonantane i dag er i tilbakegang.

– Det kjem inn harde konsonantar der det etter regelen ikkje skulle vere. Undersøkingar viser at det er nokså sterkt tilbakegang frå 2005 og utover, forklarar dialekteksperten.



«Kjøddhue»: Birgitte Koppemager sine design sel som «hakka møkk» på Berge Libris.

Foto: Andrea Rygg Nøttveit

Han forklarar at dei blaude konsonantane først vert erstatta i samansette ord, og trekkjer fram døme som språkreise og motepress. Bortfallet av b, d, g skjer òg ofte først i slutten av orda, som i kjennskap, ut og tok.

REISA OVER SKAGERAK Ingen veit akkurat når dei blaude konsonantane kom til Noreg, men ifølgje ekspertane er det eit fenomen som må ha starta i Danmark midt på 1100-talet.

– Alt på 1200-talet ser ein nokre eksempel på blaude konsonantar i norske skriv, men det kan vere ein glipp der danske former kjem inn. Men på 1300-talet er det tydeleg at blaude konsonantar har tatt plass i kystmåla på Agder og i Rogaland, forklarer Skjekkeland.

Dei blaude konsonantane har med andre ord ikkje samanheng med det vi kallar «dansketida», som starta med reformasjonen i 1536 og varte heilt til 1814.

– Prosessen med overgang til blaude konsonantar etter vokal må ha sluttar på eit tidspunkt, truleg tidleg på 1700-talet. Vi har nemleg ein del ord som ikkje har fått blaude konsonantar. Det heiter til dømes å pruta, å prata, staut, ein døyt, kaut og ei skøyta, forklrar Skjekkeland.

Dette er ord som me har lånt frå hollandsk etter at mekanismen med overgang til blaude konsonantar hadde slutta å verke.

Folk som skal imitere sørlandersk, kan difor slite med å skjøne når det skal vere blaude konsonantar.

– Ord med blaude konsonantar må nesten lærest ord for ord, det er ikkje noko automatikk, difor kan det vere vanskeleg å vite kva ord som skal ha blaude konsonantar, konkluderer Skjekkeland.

Han understrekar at langt i frå alle dialekttrekka i sør er på veg bort, sjølv om tendensen er at unge normerer språket sitt, og legg bort dei mest markerte særdraga.

KOPPEMAGER BIRGITTE I tillegg til å vere bibliotekar og forfattar, er Birgitte Kleivset koppemager.

På Berge Libris kan dei melde om at koppane med sørlandske kraftuttrykk sel som «hakka møkk».

Kristiansandar Kirsti Myrvold Høland er oppteken med vareoppteljinga denne januardagen.

– Eg ser på borna mine at dei snakkar mykje peñare. Samstundes har eg ein 10-åring som er veldig medviten. Og no er det mange i aldersgruppa 20+ som synest at desse koppane er veldig gøye, smiler 40-åringen.

Ho viser fram rader av koppar med uttrykk som «ronse», «Æ <3 blaudis» og sørlandske kraftuttrykk. Du har kanskje hørt om sørlendingen som «blei så sint at æ nesten sa de te han? Her seier bestemorkoppene «kjøddhue» og «rauhol».



– Eg trur ikkje det er mange som seier det lenger, men det er jo gøy, smiler Høland.

– LITE Å GJERE MED DET På Universitetet i Agder er ikkje Skjekkeland i tvil om at det er meir stoltheit rundt dialektane i sør no enn før.

– Men den bevisstheita har ikkje nådd det å bevare dei blaude konsonantane, slår han fast.

– Kva synest du om at dei blaude konsonantane forsvinn, Skjekkeland?

– Det har skjedd så mykje språkendringar opp gjennom språkhistoria. Det er berre ting som skjer, og som ein må godta. Det er lite å gjøre med det. Ein kan synast det er synd, men slik er det. Eg som er oppteken av språk og identitet, synest likevel det er litt merkeleg at ikkje dei unge held fast på sitt sørlandske identitetsmerke – dei blaude konsonantane. Overgangen til p, t, k skjer nok ofte ganske ubevisst. Det er ei forenkling i språket som skjer, etter mønster frå det ein kan kalle «fellesnorske former» eller «normalnorsk» – i hermeteikn.

STATUS Koppemager Kleivset trur at tilbakegangen til dei blaude konsonantane har samanheng med statusen til sørlandsk – eller mangel på denne.

– Det er mange frå min generasjon, som er fødde på 70-talet som har vore heime. Både me, mødrane våre og bestemødrene våre. Me har ein dialekt, og så merkar ein at han ikkje er god nok lenger. Ein kjem på barneskule og vidaregåande og vil kvitte seg med dialekten – og det første som går, er dei blaude konsonantane, seier 44-åringen.

Ho trur likevel at den sørlandske stoltheita er på veg oppover – ikkje minst takka vere kronprinsesse Mette-Marit.

– Stereotypien om sørlandersk er først og fremst at det er ein mann, som er litt sakmodig og har innstillinga «tab og vinn med samme sinn». Så vårt prosjekt er kanskje litt å revitalisere sørlandersk, som kan vere ei høgt utdanna kvinne, kanskje opphavleg frå Afrika, men som brukar blaude konsonantar, seier Kleivset.



Frå Sogne til byen: 17-åringane Oda Sofie Pettersen og S

DÅ KRAG DIKTA SØRLANDET På slutten av 1800-talet vart Agder-fylka rekna som ein del av Vestlandet. Det er Kristiansand-forfattar Vilhelm Krag som har fått æra for å ha innført omgrepet Sørlandet, som han føreslår som namn på landsdelen i ein artikkel i Morgenbladet 16. mars 1902.

Men det var Gabriel Scott, den andre store sørlandsdiktaren som skal ha definert grensene for Sørlandet. Grensa i aust trekte han ved Tvedstrand, der dei blaude konsonantane enda. Det har vore eit



Skottar tilbake:
Rådhusforvaltar
Harde Johannessen
tykkjer sørlandingane
godt kunne vore litt
stoltare.

Foto: Andrea Rygg Nøttveit

Livet er for kort til
ikke å bruge
#blaudekonsonanter

blaudis.no



Frå Facebook: Æ æiskår de bløde/blaude konsonantane

Æ va' så sinna
at æ nesten sa
det te 'an!

© Blaudis.no




KJØDDKAGE



«**Kildevann og kjærligheid**»: Professor Martin Skjekkeland meiner dei blaude konsonantane har vore med på å skape myten om «den venlege og tolmodige sørlendingen». Foto: Andrea Rygg Nøttveit



Sofie Sødal frå Søgne går på vidaregåande i Kristiansand
Foto: Andrea Rygg Nøttveit



omdiskutert kriterium, sidan dei blaude konsonantane i vest strekkjer seg heilt opp til Karmøy.

På Rådhuset i Kristiansand held Harde Johannessen på å pakke ned jula. Rådhusforvaltaren har studert norsk og held på med ein biografi om Gabriel Scott på si.

Han er ikkje overraska over den harde dialektutviklinga i sør.

– Dei blaude konsonantane har ikkje så høg status. Det gjev eit litt utydeleg språk, medan ein kjem lettare fram med saka si og vert lettare forstått om ein har harde konsonantar, trur Johannessen.

– Kva forhold har sørlendingane til dialekten sin?

– Eg trur kanskje ikkje dei er så veldig stolte av dialekten. Me klarar omrent ikkje få nokre politikrar på Stortinget, ler 51-åringen, og legg til med litt meir alvor:

– Så det ligg nok litt i oss at me er litt i bakevja. Eg trur me har litt for dårleg sjølvbilete.

IVAR AASEN-HETS Birgitte Kleivset slår fast at kampen for dei blaude konsonantane er eit prosjekt som er dømt til å tabe.

– Grunnen til det er at dei er så unorske. Utover 1800-talet, då ein skulle bli nasjonen Noreg, var jo dei blaude konsonantane det første som måtte gå. Det meinte både Ivar Aasen og Knud Knudsens.

Nynorskfaderen Ivar Aasen var ikkje nokon tilhengjar av sørlandsk. Kleivset siterer Aasen, som etter å ha vitja heimbygda hennar Søgne skreiv at at kystspråget i sør dessverre var «raskt og meget blødt» og at «konsonantane udtales på den letteste eller simpleste Maade».

Dei ivrigaste motstandarane mot 1907-reforma var ikkje overraskande frå Sørlandet. Men dei tapte, og slik vart dei blaude konsonantane b, d, g, erstatta av dei harde konsonantane p, t, k – kage vart kake, og fleire sørlandske viger vart til viker.


– Det var faktisk mange som endra etternamnet sitt til det norske, for det var det som hadde status. På Sørlandet i dag er annakvar vig med g og annakvar vik er med k – og alle seier det med k, konkluderer Kleivset.

EKSPORTERT UDEPILS – Eg tenkjer somme tider at me på Sørlandet burde kalle oss blaudisar, slik folk i Stavanger har siddis. Me kan kalle oss blaudisar fordi me er opptekne av blaude konsonantar og koselege ting, ler blaudisforkjempar Kleivset.

Ho meiner at dei blaude konsonantane er ei verdi full eksportvare for Sørlandet.

– Ein kjem ned på brygga og tar seg ein udepils, medan ein ser på bådane som kører forbi. Æ ska ut i båden er forbunde med noko veldig kos, noko veldig standard sørlandsk, avsluttar ho.

ANDREA RYGG NØTTVEIT
andrea@framtida.no



Korrigering av frimerkefeil

I Norsk Tidend nr. 5 2016, side 23, kom me i skade for å skriva at biletet av **Nikolaus Gjelsvik** var på eit frimerke gitt ut i samband med 100-årsjubileet til Noregs Mållag. Dette er feil.

Merket som er avbilda i Norsk Tidend, er eit brevmerke (utan frakeringsverdi) som Norsk Måldyrkingslag gav ut på eit tidlegare tidspunkt. Me beklagar forviklinga.



Illustrasjon: Hille Strandskogen arkitekter

1,2 millionar til Vinje-senteret

Vinje-senteret for diktning og journalistikk (biletet) skal byggjast opp i Vinje i Telemark og vert ei avdeling under Nynorsk Kultursentrum. Etter budsjettforliket med støttepartia Venstre og KrF fekk det planlagde formidlingsenteret 1,2 millionar kroner. Med midlar frå stat og kommune kan den første medarbeidaren tilsetjast i 2017.

Fleire nynorsk-elever i 2016/2017

I inneverande skuleår har talet på **nynorskelever i grunnskulen** auka med 160 frå skuleåret 2015/2016.

I heile grunnskulen frå 1. til 10. klasse er det no 76.549 nynorskelever, noko som tilsvrar 12,2 prosent.

Auknen finn me i hovudsak i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane, men også Oppland og Aust-Agder har fleire nynorskelever enn i fjar.

Fleire kommunar tilbyr nynorsk

Før jul gjorde kommunane **Sveio** i Hordaland og **Vindafjord** i Rogaland vedtak om nynorsk opplæring for vaksne innvandrarar. I 2015 lanserte Noregs Mållag kampanjen NyNorsk, for å få fleire av dei 113 nynorskkommunane i landet til å tilby innvandrarar nynorskoplæring. I dag lærer 48 kommunar bort nynorsk til sine nye innbyggjarar.

Vestlandsregionen blir «Vestlandet»

Nynorsk skal vere administrasjons-språket i eit saman-slått Hordaland og Sogn og Fjordane, som skal heite **Vestlandet**.

Det er klart etter at intensjonsplanen for fylkesfusjonen var ferdig forhandla tysdag 17. januar.

– Vi ligg midt på Vestlandet, og namnet speglar det, seier fylkesordførar Jenny Følling (Sp) i Sogn og Fjordane til Bergens Tidende.

Bergen skal vere administrasjonssenteret i storfylket, mens Fylkesmannen i det nye fylket skal liggje i Leikanger, skriv NRK.

Den tidlegare intensjonsavtalen mellom Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane har lege til grunn for forhandlingane, sjølv om Rogaland no har trekt seg frå samarbeidet.

– Dette er nok ein avtale som har ein klarare distriktsprofil enn



Heim til Leikanger: Fylkesordførar i Sogn og Fjordane, Jenny Følling (Sp), får Fylkesmannen i Leikanger. Foto: Senterpartiet

den førre avtalen, der Rogaland var med, men eg trur folk i byane vil vere fornøgde likevel, seier fylkesvaraordførar Pål Kårbo i Hordaland til NRK.

Etter den nye intensjonsplanen får Bergen hand om kollektivtrafikken i fylket, mens næring og opp-læring skal delast med dei to. Sogn og Fjordane får ein eigen nærings-

administrasjon som skal arbeide særleg med distrikta, og ei strategisk opplæringsavdeling som ta seg av dei vidaregåande skulane i distrikta. Oppgåver og arbeidsplassar skal el-les fordelast mellom dei to fylka.

Intensjonsplanen skal behandlast av fylkestinga i Hordaland og Sogn og Fjordane 2. og 3. februar. (©NPK)

Nordmenn av alle kjønn, reis dykk!

«Problemet med annan kjønnsidentitet kan ikkje løysast med eit hen», skriv **Sverre Hatle**.

Norsk og andre indoeuropeiske språk har grammatiske kjønn. Det påverkar böyinga av **alle** substantiv, pronomen og adjektiv. Nokre menneske mislikar dette og har bestemt seg for gje det personlege pronomenet i 3. person eintal ein konstruert konkurrent, fordi det nedarva ordparet han og ho skal vere kjønnsdiskriminerande.

Siste Norsk Tidend hadde fire sider med grunngjeving for dette påfunnet: HEN. Finsk-ugriske språk vart dregne inn, fordi både finsk og samisk har berre eitt ord for han og ho. Eg kan nordsamisk og er godt vant til å seie son om både kar og kvinne. Men det ein gløymer å forklare, er at **ikkje noko ord**, verken substantiv, pronomen eller adjektiv blir böygde etter kjønn i samisk, men etter andre lydbestemte kategoriar.

»YTRING

Det som slett ikkje blir forklart i Norsk Tidend, er:

1. I nynorsk brukar vi han, ho og det som pronomen til **alle** substantiv utan omsyn til om substantivet har biologisk kjønn (vegen – han, stua – ho, rommet – det)

2. Både adjektiv og pronomen rettar seg etter substantivet sitt grammatiske kjønn (foten min, handa mi, kneet mitt, ein liten kvist, ei lita grein, eit lite tre, hin dagen, hi sida, hitt spørsmålet)

3. I talemåla kringom i landet finst ei rad uttalevariantar og böyingsformer av han og ho. I mi eiga romsdalsdialekt heiter dei i nominativ hanj / ho, i dativ hænnä / hænnæ, i genitiv hass / hænnæ. I tillegg kjem dei trykklette formene i nominativ 'n og 'en / 'o, i dativ 'nå / 'næ. (– He du sett 'n Jo? – N dukka vel opp snart. Me såg 'en neri bøgd'n for litt sia.)

I gudbransdalsmål uttalast han som henj. Så korleis skal vi bøye og uttale det nye «kjønnsnøytrale» hen, vi som høyrer til det

store fleirtalet av nordmenn som ikkje talar «normalisert»?

For biologisk kjønn har vi ei mengd ordpar om karar og kvinner, gutter og jenter, søner og døtrer. Problemet med annan kjønnsidentitet kan ikkje løysast med eit hen. Kunne vi berre halde oss til den greie regelen i nynorsk om å bruke han / ho / det i samsvar med grammatiske kjønn, så heiter det: korrekturlesaren – han, dørvakta – ho, barneombodet – det. Verre er det ikkje, og dette er ikkje kjønnsdiskriminering om det så finst tre eller tretten kjønn. I ein avisartikkel om presterekruttering las eg «soknepresten ... han, teologistudenten ... hun». Slike er både forvirrande og diskriminerande, men det verste er at det ser ut til å vere i tråd med «reglar» frå Norsk Språkråd! Meiner Trosterud at vi skal seie «båten – ho» når vi ikkje veit om det er snakk om ei ferje eller ein færing?

Har vi ikkje sidan Ivar Aasens dagar kjempa for både kvinna og geita og mora og dotra og kyrja og bygda og jorda og jula og den rette trua og makta og æra i all æva? Nordmenn av alle kjønn, reis dykk og sei amen!

SVERRE HATLE



Bergenskanal: Vinnaren av Kringkastingsprisen, Arill Riise, meiner TV 2 sitt sterke språkmangfold har samanheng med at dei har hovudsete i Bergen. Foto: TV 2

– TV 2 er eit språkleg fyrtårn

Nyheitsanker Arill Riise får Kringkastingsprisen 2016 for bruk av normert nynorsk i nyheitssendingane på TV 2.

– Det er stor stas og ei ære å få tildelt same prisen som nynorsk-hovdingane Herbjørn Sørebø, Hartvig Kiran og Arthur Klæbo har fått tidlegare. Utan samanlikning for øvrig, seier Arill Riise på telefon frå Bergen.

Kiran og Klæbo var prismotakarane då Kringkastingsringen første gong delte ut prisen i 1978.

Sidan den gong har Kringkastingsprisen kvart år gått til ei røyst i eteren som utmerkar seg med godt språk i radio eller fjernsyn, og som på ein framifrå måte bruker nynorsk eller dialekt i det daglege arbeidet.

Prisen er eit grafisk blad av kunstnaren Per Kleiva.

SPRÅKLEG FYRTÅRN Arill Riise frå Sæbø i Ørsta har vore tilsett i TV 2 sidan 2006. Dei siste seks åra har han vore fast nyheitsanker saman med Mah-Rukh Ali i hovudsendingane klokka 18.30 og 21.00.

Juryen rosar vinnaren for å synne fram nynorsken som eit godt språk til formidling av nyhende.

Prisvinnar Riise meiner kåra for nynorsken i media i dag er



Kleiva-blad: Prisvinnar Arill Riise med styreleiar i Kringkastingsringen Vegard T. Foseide under tildelinga i Bergen. Foto: Anne Svanaug Straume

veldig gode og kallar arbeidsgjevaren TV 2 eit språkleg fyrtårn.

– Då eg byrja i NRK i 1983, var det berre éin radiokanal og éin tv-kanal. Austlendingane hadde nokre svenskekanalar, men ikkje me andre. Folk var ikkje vane med anna enn normert bokmål og nynorsk. I dag er den språklege floraen mykje rikare og mykje rausare, meiner Riise.

Sjølv er han oppteken av å bruke eit språk som er munnleg og moderne, slik at sjåarane forstår.

– Du får ikkje i-endingar frå meg. Det er enkelte fundamentalistar i nynorskrørsla som meiner at språket skal vere konservativt. Eg meiner at nynorsken må tilpasse seg tida. Det treng ikkje bety at me tek inn bokmålsord, men at me

lagar nyord og ikkje let oss overmanne av engelsken.

TVIL OM TVANG Juryen understrekar at det er viktig at dei kommersielle allmennkringkastarane nyttar båe dei offisielle målformene i landet.

– Burde det vere talfeste krav til nynorskdel hjå allmenne kringkastarar som TV 2 på same måte som NRK?

– Ein må sjå på resultata. Sjølv om TV 2 ikkje har dette kravet, har dei meir nynorsk i sendingane sine enn Dagsrevyen. To av tre hovudanker snakkar normert nynorsk. TV 2 har ei språkleg rausheit som gjev eit større mangfold i dialektar. Eg er litt i tvil om det er riktig å bruke tvang, sjølv om det kanskje fungerer i NRK, svarar Riise.

ANDREA RYGG NØTTVEIT
Framtida.no

» MEDIA



ANNE SVANAUG STRAUME
Dagleg leiar i Kringkastingsringen

Ikkje godt nok

RETT FØR JOL vart stortingsmeldinga «kommersiell allmennkringkastar» lagt fram. Her står det kva konsesjonsvilkår som gjeld for ein framtidig slik allmennkringkastar.

Regjeringa kjem i meldinga med krav om at norskspråklege program skal utgjere minst 50 prosent av det publiserte innhaldet, og at båe dei offisielle norske målformene skal nyttast av den som vert tildelt konsesjon. Det er bra at språkkravet er tilbake i avtalen, men det er ikkje godt nok.

FRÅ 1991 TIL 2015 er det TV 2 som har hatt denne konsesjonen. Avtala vart fornya i 2003, med krav om at båe dei offisielle målformene skal nyttast. Kravet stod fast gjennom fornyinga i 2010, og i den nye utlysinga som kom 16. desember.

No er det på tide at regjeringa spesifiserer kravet. Sidan TV 2 lanserte nettsida si, TV2.no, har dei konsekvent nytt bokmål der. Under panelsamtalet Kringkastingsringen arrangerte i Bergen 2. desember i fjar, kom det fram at TV 2 har teke eit redaksjonelt val om å nytte bokmål på nett – og dette skal dei få lov til å halde fram med?

TV 2 HAR SYNT OSS at det er lett berre akkurat å oppfylle kravet. Dei hadde ikkje hatt noko problem med å ha nynorsk på nett i tillegg til TV. Journalistar skriv ofte nettsaker av sine eigne TV- eller radiosaker. Når TV 2 får skryt for å oppfylle konsesjonskravet om språk, og dei skryt av nynorskjournalistar på kanalen, er det ein skam at dei same journalistane ikkje får skrive nynorsk på nett. Kor gode vilkår har nynorsk-journalistane i TV 2 då?

IDEN FORNYA AVTALEN frå 2010 står det rett nok at TV 2s hovudkanal skal nytte båe dei offisielle målformene. Hovudkanalen er sjølv sagt TV-kanalen. Men frå den fyrste konsesjonen dei fekk i 1991, og til den siste fornyinga 2010 har mykje skjedd. Mediekvarden vår er på fleire plattformer: TV, radio, – no berre DAB, internett, Facebook, papiravisar osb. Det kan verke som regjeringa ikkje har fått med seg denne endringa. I den nye avtalen som kjem, bør regjeringa spesifisere at den som vert tildelt konsesjon, skal nytte båe dei offisielle målformene i alle kanalane dei formidlar igjennom i dag, og i framtida. Gjer dei ikkje det, slunrar dei unna sitt eige ansvar for det norske språket.

SKAL EIN KUNNE oppfylle det fjerde allmennkringkastingsprinsippet om å styrke norsk språk, identitet og kultur, kan ein ikkje konsekvent velje vekk den eine målforma på nett eller andre formidlingskanalar. Ein må nytte språka våre på alle plattformer, – det må regjeringa sikre at ein kommersiell allmennkringkastar gjer.



Einfrid Perstølen fotografert under 100-årsjubileet til Noregs Mållag i 2006. Foto: Erik Bolstad

Einfrid Perstølen til minne

EINFRID PERSTØLEN, heidersmedlem i Noregs Mållag, gjekk bort 7. januar 2017, 99 år gammal. Målrørsla har mista ein bauta, men arbeidet ho gjorde, vil prege kvardagen til folk i landet i lange tider. Ho var den som først og fremst har æra for at alle no ser på det som sjølvsagt at begge målformer er representerte på pengesetlar og frimerke og i norske pass.

PERSTØLEN BLEI FØDD i Ål i Hallingdal i 1917, og utdanna seg til psykiater, etter eit avbrot i studiet under krigen, då ho arbeidde på eit norsk feltsjukehus i England. Ho har vore ein framståande representant for målsaka. Då ho kom til Oslo

som medisinstudent i 1937, byrja ho å bruke nynorsk normaltalemål, for – som ho sa seinare – den tida måtte ein tala nynorsk, eller gå over til riksmaal.

Einfrid Perstølen (den tida Einfrid Grønvik) sat i styret i Noregs Mållag i perioden 1965–1968, og 1970–1972. Ho var òg representant for Noregs Mållag i Norsk språkråd i tida 1976–1984. Ho var styremedlem eller vara til styret i Norsk språkråd ein god del av perioden.

PÅ 70-TALET VART ho med i ei mållovsnemnd som blei oppnemnd av styret i Noregs Mållag. Samtidig dreiv ho sin eigen kamp for å få Samferdselsdepartementet, Noregs Bank og Posten til å bruke Noreg på pengesetlar, pass og frimerke. Knut Getz Wold, som blei sentralbanksjef i 1970, hadde ei eiga mappe for brev

frå Perstølen, og der var te-maet alltid nynorsk på pengesetlane.

Einfrid

viste til dømes til korleis «problem» med to språk blei løyst i Canada.

DEI FYRSTE NYNORSKE bruksfri-merka kom i 1976. Passet med begge målformer på gav Justisdepartemen-tet ut i 1979, og i 1984 kom den fyrste nynorske pengesetelen. Det var den nynorske 50-kroner-setelen med Aasmund Olavsson Vinje på, og med rette blei Einfrid kalla «mor til den nynorske 50-lappen».

I den nye mållova (vedteken våren 1980) er pass, frimerke og pengesetlar nemnde særskilt som offentlege dokument som peikar seg ut med begge landsnamna på. Då dette blei slått fast av Stortinget i april 1980, var det ikkje lenger råd å vri seg unna jamstellingskravet frå Einfrid Perstølen og Noregs Mållag.

EINFRID PERSTØLEN VAR ikkje redd for å stå på for saka, og ho gav aldri opp. Det er takk vere hennar innsats at teksten Norge/Noreg er eit kvardagsleg syn og prov på språkjamstillinga her til lands. Om pengesetlane med Norge/Noreg på sa ho i eit intervju med Dag og Tid: «Det som er vrangsida for andre, er rettsida for meg.»

Den nynorske sida er rettsida for mange av oss, og Noregs Mållag vil gjerne få lyse fred over minnet til Einfrid Perstølen og gi ein siste takk for hennar bidrag til reell språkleg jamstilling i landet.

MAGNE AASBRENN





Målmann, psykiater og politikar Hans Olav Tungesvik (80) har gjeve ut biografi på Genesis forlag. Foto: Siri Vaggen Olsen, Samlaget

Tungesvik med ny sjølvbiografi

Den tidlegare mål-lagsleieren Hans Olav Tungesvik vil ta lesaren med på ei forfriskande livsreis gjennom psykiatri, politikk, misjon og målarbeid.

– Eg vart tidleg tend av målsaka fordi eg såg kor viktig ho var for bygdeungdomen si sjølvkjensle. Det har med identitet å gjera. Det handlar om å få lov å vera seg sjølv og å

krevja sin rett til å bruka målet sitt i alle samanhengar, seier Hans Olav Tungesvik.

80-åringen hugsar tilbake på tida då han som ung medisinstudent kravde å få eksamen på nynorsk, noko som har vorte standard seinare.

EI DIALEKTREIS I 1965 vart ein 29 år gammal Tungesvik vald til leiar av Noregs Mållag. Han var den yngste som nokosinne hadde hatt vervet. Lite visste han den gong om at sonen, Steinulf Tungesvik, skulle ta på seg det same ansvaret 40 år seinare.

Etter eit langt liv som spesialist i psykiatri, politikar for Venstre, seinare stortingsrepresentant for KrF og målmann, har skånevibuen

gjeve ut biografien «Ei forfriskande livsreis» på forlaget Genesis.

Som mange andre ungdommar reiste han frå heimbygda til byen for å skaffa seg utdanning. Der reagerte han på at mange byrja å leggja om dialekten og «knota».

Han meiner dei norske dialektnane har betydeleg betre kår i 2017.

– Dialektar har eit heilt anna rom i NRK. Heldigvis. I dag høyrer du Ingerid Stenvold lesa nyheiter på si karakteristiske Målselv-dialekt. Det er mykje meir rom for mangfald enn før, meiner Tungesvik, som på 70-talet vart kjend som radiolegen i riksringkastinga.

FRYKTAR FOR SIDEMÅLET
På spørsmål om kva som er

dei viktigaste målsakene i dag, dreg Tungesvik fram utfordringa i Høgre sitt forslag om å fjerna karakter og eksamen i sidemål.

– Det er ein horribel tanke, som vil føra til at mange skule-elevar aldri får høve til å meistra nynorsk, noko som er viktig om dei skulle få jobb i staten og i mange kommunar, der kravet er at ein skal meistra begge målforneme. Eksamens er motiverande for å skaffa seg kunnskap, så dette trugsmalet ser eg på som alvorleg for nynorsken. Det må målrørsla setja inn all kraft for å stoppa.

ANDREA RYGG NØTTVEIT
andrea@framtid.no



Kaldestad blir Falturiltu-forfattar

(NPK): **Per Olav Kaldestad** blir festivalforfattar når den nynorske barnebokfestivalen går av stabelen på Stord 4.–10. november.

Per Olav Kaldestad debuterte med diktsamlinga Kikkert i 1973. Sidan den gongen har han skrive ei mengd bøker i ulike sjangrar.

Festivalleiringa trekker fram at dei mange barnebøkene hans har blitt svært populære,


Dikt for barn får ein viktig plass på Falturiltu til hausten når Per Olav Kaldestad blir festivalforfattar. Foto: Falturiltu

mellan Anna har han laga fleire diktsamlingar saman med illustratoren Hilde Kramer.

Mange av tekstane hans har også blitt tone-sette av artistar som Vamp, Aftenlandet, Kenneth Sivertsen og Annlaug Børshheim.

Temaet for festivalen i år er «Svev og stev». Det spelar på den omfattande forfattarskapen til Per Olav Kaldestad, og barnedikt får ei sentral rolle på festivalen.

På eit barnearrangement på Vossa Jazz 8. april kan publikum få ein forsmak på tekstane til festivalforfattaren når trioen Morgonfrosken spelar opp.



DYRSKU'N
8.- 10. SEPT '17

NOREGS STØRSTE MARKNADSPLASS

• 3 DAGARS FOLKEFEST • 740 UTSTILLARAR • 90 000 BESØKANDE • 170 MÅL MARKNADSMÅRÅDE



8.- 10. SEPTEMBER 2017

HANDEL × LANDBRUK × ANLEGG × HUSDYR × MAT × HUSFLID × KULTUR × FOLKELIV

Meir informasjon på www.dyrskun.no



Aviser: – Vanleg politisk aktivitet, seier Magne Aasbrenn.

Arkivfoto



Heider: Fredag 25. november fekk Geir Helge Espedalen (t.h.) frå Dyrsku'n Arrangement AS overrekt Nynorsk Næringslivspris av leiar i Noregs Mållag Magne Aasbrenn (t.v.). Foto: Erik Grov

Nynorsk næringslivspris til Dyrsku'n

– Ei anerkjening av den jobben me har gjort i 150 år, seier dagleg leiar i **Dyrsku'n i Seljord**.

Noregs Mållag delte ut nynorsk næringslivspris første gong i 2006, og årets prisvinnar er den åttande i rekka som får denne heideren.

Det kom inn mange nominasjonar frå lokallaga og enkeltpersonar, og juryen har hatt eit rikt og solid utval å velje mellom.

VERDAS STØRSTE NYNORSKMESSA

Juryen legg vekt på at Dyrsku'n, som i 2016 feira 150-årsjubileum, ligg i eit område der bokmålspresset kan vere ekstra sterkt.

Messa dreg nærmare 100 000 publikumarar, ikkje minst frå Austlandet. Alt skriftleg materiale, nettsider og skilting er på nynorsk. I haust var dei verkskap for 740 utstillarar. Dei omset samla for rundt ein halv milliard kroner og er sannsynlegvis den største nynorskmesse i heile verda.

Juryen vil difor understreke at påverknadskrafta Dyrsku'n har overfor dei andre bidragsytarane

»TIDLEGARE VINNERAR

2015: Gudbrandsdalsmat

2014: Kleven Maritime AS

2013: Skogstad Sport AS

2011: Ægir bryggeri

2008: Kari Traa

2007: Hotel Alexandra

2006: Lerum AS

ved sjølv å marknadsføre seg og tilstellinga på nynorsk – ho femner breitt og ho femner mange.

STOLTE AV NYNORSKEN – Det er veldig gledeleg og ei anerkjening av den jobben me har gjort i 150 år. Me er veletablerte i hjartet av Telemark, og for vår del er det heilt naturleg å bruke nynorsk, fordi det er ein del av vår identitet, seier dagleg leiar Geir Helge Espedalen.

Han erfarar at det å bruke nynorsk i marknadsføringa mot deira publikum er utelukkande positivt og skulle ynskje fleire aktørar var engasjerte i å fremje nynorsken.

– Etter mi meinig er det ein viktig del av regionen Telemark. Nynorsken er noko me er stolte over.

over, og me bruker ganske mykje energi og ressursar på å lage informasjonsmateriell så godt som mogleg.

INSPIRERE TIL FÆRRE «EVENTS»

Juryen ser det som eit viktig signal at ein hendingssarrangør kan få nynorsk næringslivspris og håpar at det kan inspirere andre som skipar såkalla «events» rundt i landet til å sjå at nynorsk er eit godt marknadsføringsspråk og ein god måte å profilere seg på.

Prisvinnaren får eit diplom og gratis marknadsføring på heimesida og i Norsk Tidend i heile 2017.

ANDREA RYGG NØTTVEIT

andrea@framtid.no

“ Dette ein viktig del av regionen Telemark. Nynorsken er noko me er stolte over.

Geir Helge Espedalen

Ein halv million til nettstad for born

Landssamanslutninga av nynorskommunar (LNK) har fått 500 000 kroner frå Kulturdepartementet til å etablere ein nynorsk nettstad for barn i alderen 7–12 år.

Under det førebelse namnet Framtida junior skal nettstaden tilby dagleg oppdaterte nyheter, faktaartiklar, kultursaker, boktips, spel, skrivekonkurransar, debatt, video, musikk og aktivitetar for barn i barneskulealder.

– Målet er å lage eit tilbod som er så spanande at borna har lyst til å bruke det i fritida, og så lærerikt at lærarane og foreldra vil ønskje at ungane bruker det på skulen og heime, seier prosjektleiar og redaktør i Framtida.no Svein Olav Langåker.

Publikumsrekord

Over 40.000 publikummarar var innom arrangementa eller utstillingane som Nynorsk kultursentrum stod bak i 2016. Av desse var rundt 27.000 innom Aasen-tunet i Ørsta, medan Hauge-senteret i Ulvik hadde over 11.000 gjester i 2016.

– Nynorsk kultursentrum er framleis ein institusjon i vekst, slår direktør Ottar Grepstad fast i ei pressemelding.

GUDBRANDSDALSMAT



For oss er matproduksjon eit handverk forma av vår kultur, geografi og historie.

Gudbrandsdalsmat gjer det enkelt å handle lokalmat frå Gudbrandsdalen.

Vi driv sal og distribusjon av produkt frå 29 produsentar til butikk og servering. Hovudsalsområdet vårt er Gudbrandsdalen, men vi sel og distribuerer varer til butikk og servering i heile Noreg!

Med eitt kontaktpunkt, éin ordre og éi levering formidlar vi mangfaldet av varer som våre medleamar produserer. Bestill innan måndag og få varer levert torsdag/fredag same veke.



www.gudbrandsdalsmat.no



Gudbrandsdalsmat SA

Selsvegen 133
2670 OTTA

Tlf 975 68 805 - Anette
Tlf 416 13 159 - Ingrid
Tlf 412 18 222 - Ingunn
epost: post@gudbrandsdalsmat.no



med hjarte og hender

Mange klagar, men brota på mållova held fram

Klageportalen til Norsk Målungdom gjer det lettare for studentar å klage når lærestadane ikkje fylgjer mållova. Tala frå i haust syner at det framleis står därleg til.

Kvart år opplever mange studenter at dei ikkje får eksamen på nynorsk, trass i at dei er melde opp som nynorskstudentar hjå studiestaden sin, og trass i at dei ifølgje mållova har rett til eksamen på eige språk. Difor oppretta Norsk Målungdom i 2015 ein klageportal

som hjelper studentane å klage når dei ikkje får eksamen på rett språk. Dette semesteret syner det same som dei tidlegare semestera: Lærestadane tek ikkje det språklege ansvaret sitt på alvor.

Totalt er det kome inn eit titals klagar frå fleire av landets største utdanningsinstitusjonar. Fleire av landets største universitet går att frå tidlegare semester. Kva studentane klagar på, endrar seg heller ikkje frå semester til semester. Det har kome inn nokre klagar på svært därleg språk, men nesten alle klagane handlar om at eksamenssettet berre fanst på bokmål. Alle klagane Norsk Målungdom sender inn til lærestadane, går òg i kopi til Språkrådet, som pålegg lærestaden å svare for korleis dei vil hindre at noko liknande skjer igjen. Dei fleste lærestadane lovar å gå gjennom rutinane sine,

men fleire svarar berre med ei orsaking og at dei ikkje ynskjer at noko liknande skal skje igjen.

